Rapporten frå kontrollutvalet 2025–2026

Arbeidsåret

Kontrollutvalet har i arbeidsåret 2025 til 2026 vore sette saman av Dorthea Elverum (leiar), Henrik Bjørheim Hageland og Henrik Nordtun Gjertsen. Mandatet til kontrollutvalet er gjeve i § 15 i vedtektene til Senterungdomen, der den overordna oppgåva til kontrollutvalet er å taka ei heilskapleg vurdering av arbeidet til sentralstyret innanføre lover, vedtekter, arbeidsplan og budsjett. Kontrollutvalet var samla til møte den 2. til 4. oktober 2026 der ein hadde samtalar med dei tilsette, sentralstyret og somme fylkesleiarar. Elles harkontrollutvalet ogso hatt nokon digital korrespondanse, for å diskutera dei førespurnadene som har kome inn.

Økonomi

God økonomistyring er grunnleggjande for at Senterungdomen skal nå måla sine. I rapporten for fjoråret var kontrollutvalet tydeleg på at sentralstyret ikkje hadde tilstrekkeleg kontroll på den økonomiske situasjonen. Kontrollutvalet merker at sentralstyret har arbeida med tilrådingane og fylgt dei opp. Likevel merker kontrollutvalet seg at styret enno har ein veg å gå. Styret har ikkje tilstrekkeleg oversikt over dei økonomiske føresetnadene til organisasjonen. Dette er særleg viktig no som driftsøkonomien har vorte drastisk endra.
Utvalet tilrår:

- At sentralstyret får ein årleg opplæring i økonomien til organisasjonen og ansvaret deira knytt til dette.
- At ein må vera særleg merksam på innrapportering av partibidrag for valåret 2027, jamfør varsel frå Partilovnemnda (15. august 2025).

Skulering

Organisasjonen har dyktige tillitsvalde. Kontrollutvalet har likevel merkt seg at skuleringsarbeidet er mangelfullt. I langtidsstrategien og organisasjonshandboka har organisasjonen tydelege mål for skulering av tillitsvalde, med bakgrunn i dette serkontrollutvalet at det er ein avstand mellom dei vedtekne måla og tiltaka bak. Sjølv om sentralstyremedlemar gjerne har røynsle frå lokal- eller fylkeslag, meiner kontrollutvalet at det er trong for å styrkja den samla forståinga for styrearbeid og det heilskaplege ansvaret til styret.
Utvalet tilrår:

- At sentralstyret gjennomgår rammeverket for skulering i Senterungdomen.

- At sentralstyret tidleg i arbeidsåret får ei opplæring i rutinar, styrearbeid og styreansvar.

Administrasjon og rutinar

Utvalet har funne at det er utfordringar rundt utforming, distribusjon og tilgjengelegegjering av sakspapir og referat i landsstyret og sentralstyret. Noko som har gjort at kontrollutvalet ser det naudsynt å koma med nokre tilrådingar.

Utvalet tilrår:

- At rutinane for utsending av innkalling og sakspapir vert skjerpa slik rutinar for innkalling og sakspapir vert fylgde.
- At ein lager eit system som gjer innkalling, sakliste og referat tilgjengeleg for landsstyret og sentralstyret.
- At referat vert standardisert slik at vedtak kjem fram på ein tydeleg måte.

Organisasjonen har stor utskifting av tilsette. Kontrollutvalet har over tid observert at organisasjonen er sårbar ved utskiftingar i administrasjonen. Mykje av kunnskapen om rutinar, arbeidsprosessar og ansvarsområde ser ut til å vera knytt til den einskilde tilsette, utan at det er tilstrekkelege system for overføring av kompetanse ved utskiftingar, fråvær eller uventa situasjonar.

Utvalet tilrår:

- At sentralstyret får på plass konkrete og tydelege rutinar for opplæring av nye tilsette og at skriftlege skildringar av sentrale administrative arbeidsoppgåver, rutinar og prosessar vert oppdaterte jamleg.

Avsluttande merknader

Utvalet merker seg at organisasjonen har jobba aktivt med fjorårets rapport, og ser ei positiv utvikling på punktakontrollutvalet peikte på i fjor. Dette til tross ser kontrollutvalet fortsatt vesentlege utfordringar knytt til styrets forståing for organisasjonens økonomistyring. Kontrollutvalet tilrår at ein nyttar seg av tilgjengelege ressursar i og utanføre senterpartirørsla, i opplæring av styreansvar, økonomi, samt dei andre punkta i rapporten til kontrollutvalet. I ei tid med store omveltingar i organisasjonen ser kontrollutvalet det som særleg tilrådeleg med gode prosessar, forankring av prioriteringar og aktivt arbeid med organisasjonskulturen. Rapporten til kontrollutvalet bør verta teken opp på sentralstyremøta og ein bør arbeida aktivt med tilrådingane.